



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>31.05.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>09:05 – 12:15</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**

**Forfall til møtet:**

**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Varamedlemer til stades:**

**Jakob André Sandal, SV**  
**Karen Marie Hjelmeseter, Sp**  
**Marita Gunn Aarvik, FrP**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesrådmann Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård og Marit Silje Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Marita Gunn Aarvik til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Aleksander Øren Heen deltok ikkje ved handsaminga av sakene 42/18 - 44/18.

Sak 65/18 vart handsama før sak 64/18. Elles vart sakene handsama i den rekkjefølgja som framgår av møteboka.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å gjere vedtak i sak 66/18 sjølv om saka ikkje var oppført på saklista, jf. kommunelova § 34 nr. 1.

*Munnlege orienteringar:*

1. Fylkesordføraren opplyste at eigaropplæringa av fylkestingsrepresentantane, som skulle vore halde 30. mai, vert flytta til 25. september.

2. Fylkesordføreren orienterte om komande generalforsamling i In Via AS og mogeleg fusjonsplaner med Mona Vekst, to arbeidsmarknadsbedrifter fylkeskommunen er medeigar i. Det var ikkje hadde innvendingar mot at dei starta ein slik prosess.
3. Fylkesrådmannen opplyste at fylkeskommunen sitt tilskot til etablering av ein flyhangar på Sogndal lufthamn kan vere i strid med reglane i EØS-avtalen om offentleg støtte. Han orienterte om den vidare prosessen overfor ESA.
4. Fylkesrådmannen orienterte om møtet i fylkesutvalet 20. juni i Årdal.
5. Fylkesrådmannen orienterte kort om den pågåande prosessen med å handtere fylkeskommunen sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS.

**SAK 42/18      Tariffrevisjonen pr. 01.05.2018 - Forslag til ny  
hovudtariffavtale Uravstemming**

**VEDTAK:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune stemmer «JA» til forslag til ny hovudtariffavtale.

-----

**SAK 43/18      Bruksrett til hytte på Løkkebø i Eikefjord**

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet godkjenner at bruksrett for fylkeskommunalt tilsette til å nytte personalhytte kalla «Solhytta» ved Løkkebø i Flora kommune vert sletta.
  2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre sletting av bruksretten.
- 

**SAK 44/18      Søknad om støtte til avvikling av Stiftinga Norsk  
Sjøfuglsenter**

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet løyver 15 000 kr til arbeidet med avvikling av Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter.
  2. Løyvinga vert finansiert over budsjettet «Fylkesutvalet til disposisjon».
- 

**SAK 45/18      Fv. 55 Hovdetunnelen - søknad om fråvik frå krav til  
storleik på teknisk rom**

**VEDTAK:**

Fylkesutvalet godkjenner fråvik frå krav til storleik på teknisk bygg ved fv. 55 Hovdetunnelen.

-----

**SAK 46/18      Fv. 633 Kleiva - søknad om fråvik portal  
Strandanipatunnelen**

**VEDTAK:**

1. Fv. 633 Strandanipatunnelen kan byggjast utan portalar.
2. Det vert gjort avbøtande tiltak for å hindre problem med vatn i påhoggsområdet.

-----

**SAK 47/18 Fv. 60 Storelva bru i Utvik - val av løysing**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Ny Storelva bru i Utvik vert bygd ihht til vedlagde forprosjekt, utan fortau. Prosjektet vert gjennomført som eit større vedlikehaldsprosjekt.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å fastsette endeleg kostnadsoverslag og finansieringsplan, då basert på vedteken reguleringsplan. Tiltaket vert finansiert ved tildelte skjønnsmidlar frå KMD (til oppattbygginga), samt ved uttak frå fylkeskommunen sitt eige skadefond for uføresette hendingar på fylkesveg. Den endelege fordelinga mellom desse to postane vil avhenge av tiltaket sin endelege kostnad.

-----

**SAK 48/18 Ny konkurranse om regionale rutflyginger i Sør-Norge fra 1. april 2020, fråsegn**

**Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer at Samferdsledepartementet skal vera ansvarleg for å følge opp anbudskontrakten for rutflygingar for perioden 1. april 2020 – 31. mars 2024. Fylkeskommunen bør overta ansvaret for utarbeiding av anbudsgrunnlaget og gjennomføringa av flyrutekjøpet frå 1. april 2024.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommunen føreset at det i framtida skal vera eit aktuelt og attraktivt tilbod, minimum på nivå med i dag, på alle våre fire flyplassar; Sogndal, Sandane, Førde og Florø. Det er viktig at dagens rutetilbod fungerer optimalt med omsyn til regularitet og tilpassa rutetider.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommunen støttar Møreforsking i at maksimaltakst inkludert avgifter er nådd.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg hovudsakleg til forslaget til kriteriesettet for transportstandard i det framtidige FOT-rutetilbodet. Vi ber i tillegg om at tilgang til fylkesadministrasjon og tilgang til nasjonale rutflygingar vert innarbeida som kriterium.
5. Krav om «grøn» transportstandard må leggjast til grunn for den framtidige transportstandard for FOT-rutene. Rutetidene må utformast slik at det er mogleg å rekke møte både i Oslo og Bergen seinast kl. 10:00, med retur mellom 16:00 og 17:00, i tillegg til kveldsavgangar. Det må stillast krav om minimum 39-setersmaskin på alle rutene til/frå Sogn og Fjordane.

6. Flyrutene på Florø lufthamn må bli tilbakeført til FOT-systemet i neste anbudsperiode. Basert på erfaringane med kommersialiseringa av flyrutene på Florø, ser ikkje fylkeskommunen det som aktuelt å kommersialisere andre ruter.
7. Rutetilbodet mellom Sogn og Fjordane og Bergen er ikkje tilfredstillande. Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til samanslåingsprosessane mellom Sogn og Fjordane og Hordaland. Høgskulane på Vestlandet vart slått saman i 2017. Nytt fylkesmannsembete frå 2019 og den nye fylkeskommunen frå 2020. Alt dette medfører auka reisebehov mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Det vil derfor vere behov for eit betre og meir tilpassa rutetilbod mot Bergen – ikkje mindre og dårlegare.
8. Fylkesutvalet ber om at kortbanenettet i Sogn og Fjordane blir pilotarena for utvikling og drift av el-fly, eventuelt gjennom statleg utviklingskontrakt.
9. Det må bli nattstasjonert fly på Sogndal lufthamn.

### **Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at regjeringa gjennomfører ein samla gjennomgang og endring av luftfartsavgiftssystemet for å sikre at fly med liten setekapasitet ikkje har høgare avgifter per seteplass enn større fly, og slik styrker tilbodet på kortbanenettet. Endringa må ikkje redusere Avinor sine samla inntekter.

### **Avrøysting:**

Framlegget frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå hovudutvalet for samferdsle vart samrøystes vedteken.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer at Samferdsledepartementet skal vera ansvarleg for å følgje opp anbudskontrakten for ruteflygingar for perioden 1. april 2020 – 31. mars 2024. Fylkeskommunen bør overta ansvaret for utarbeiding av anbudsgrunnlaget og gjennomføringa av flyrutekjøpet frå 1. april 2024.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommunen føreset at det i framtida skal vera eit aktuelt og attraktivt tilbod, minimum på nivå med i dag, på alle våre fire flyplassar; Sogndal, Sandane, Førde og Florø. Det er viktig at dagens rutetilbod fungerer optimalt med omsyn til regularitet og tilpassa rutetider.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommunen støttar Møreforsking i at maksimaltakst inkludert avgifter er nådd.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg hovudsakleg til forslaget til kriteriesettet for transportstandard i det framtidige FOT-rutetilbodet. Vi ber i tillegg om at tilgang til fylkesadministrasjon og tilgang til nasjonale ruteflygingar vert innarbeida som kriterium.
5. Krav om «grøn» transportstandard må leggest til grunn for den framtidige transportstandard for FOT-rutene. Rutetidene må utformast slik at det er mogleg å rekke møte både i Oslo og Bergen seinast kl. 10:00, med retur mellom 16:00 og 17:00, i tillegg til kveldsavgangar. Det må stillast krav om minimum 39-setersmaskin på alle rutene til/frå Sogn og Fjordane.
6. Flyrutene på Florø lufthamn må bli tilbakeført til FOT-systemet i neste anbudsperiode. Basert på erfaringane med kommersialiseringa av flyrutene på Florø, ser ikkje fylkeskommunen det som aktuelt å kommersialisere andre ruter.

7. Rutetilbudet mellom Sogn og Fjordane og Bergen er ikkje tilfredstillande. Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til samanslåingsprosessane mellom Sogn og Fjordane og Hordaland. Høgskulane på Vestlandet vart slått saman i 2017. Nytt fylkesmannsembete frå 2019 og den nye fylkeskommunen frå 2020. Alt dette medfører auka reisebehov mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Det vil derfor vere behov for eit betre og meir tilpassa rutetilbud mot Bergen – ikkje mindre og dårlegare.
8. Fylkesutvalet ber om at kortbanenettet i Sogn og Fjordane blir pilotarena for utvikling og drift av el-fly, eventuelt gjennom statleg utviklingskontrakt.
9. Det må bli nattstasjonert fly på Sogndal lufthamn.
10. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at regjeringa gjennomfører ein samla gjennomgang og endring av luftfartsavgiftssystemet for å sikre at fly med liten setekapasitet ikkje har høgare avgifter per seteplass enn større fly, og slik styrker tilbudet på kortbanenettet. Endringa må ikkje redusere Avinor sine samla inntekter.

---

**SAK 49/18      Ny kollektivterminal for buss og båt på Fugleskjærskaia**

**VEDTAK:**

1. Intensjonsavtala om ny kollektivterminal for buss og båt på Fugleskjærskaia i Florø vert godkjent slik den ligg føre.
2. Fylkesutvalet er positiv til måla om bærekraft og miljø i intensjonsavtala og tiltak slik samfunnsdelen i kommuneplanen skisserer.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere intensjonsavtala.

---

**SAK 50/18      Rekneskapen 2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2017, som syner kr 2 156 242 478,00 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 44 695 025,37, vert godkjent.
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) for 2017 på kr 44 695 025,37 vert avsett til bufferfondet. Midlane vert førebels øyremarka til eigenkapital til nytt opplæringsfartøy.

---

**SAK 51/18      Årsrapport 2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Årsrapport 2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering.

-----

**SAK 52/18      Justert eigaravtale Innovasjon Norge 2018**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane stør forslag til endringar i eigaravtala for Innovasjon Norge
  2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gir fylkeskommunal eigargruppe i oppdrag å utarbeide forslag til avtale om ivaretaking av det fylkeskommunale eigarskapet i Innovasjon Norge.
- 

**SAK 53/18      Eigarstrategi for felles eigarskap mellom NFD og fylkeskommunane**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane godkjenner framlagt eigarstrategi som grunnlag for oppfølging av det administrative arbeidet med Innovasjon Norge.

-----

**SAK 54/18      Rullering av Regional plan for verdiskaping.**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget vedtek dokumentet «Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane. Vurdering av arbeidet så langt. Justeringar for 4-årsperioden 2018-2021» som grunnlag for vidare arbeid med å gjennomføre verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2025.

-----

## **SAK 55/18 Gulatinget Visningscenter - intensjonsavtale**

Fylkesutvalet vurderte habiliteten til Karen Marie Hjelmeseter og fann ho habil til å delta ved handsaming av saka.

### **VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet godkjenner framlegg til intensjonsavtale for visningscenter på Gulatinget
  2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen
- 

## **SAK 56/18 Regional plan for kultur, høyringsutkast mai 2018**

### **VEDTAK:**

Utkast til regional plan for kultur vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 01.09.2018.

-----

## **SAK 57/18 Hyllestad - Kommuneplan samfunnsdel 2018 - 2030**

### **VEDTAK:**

1. Hovudinstrykket er at kommunen har ei tydeleg utgreiing av status og utfordringsbilete, og at mål og strategiar svarar godt på dei utfordringane som er identifiserte.
  2. I handlingsprogrammet for Hyllestad kommune 2018-2021 kan ein med fordel tydeleggjere kostnad for tiltaka, kven som har ansvaret for gjennomføring og kven som er samarbeids-partnarar for kvart einskild tiltak.
  3. Høyringssvaret (vedlegg 1 i saka) inkl. konkrete innspel til nye målsettingar knytt til tema naturmiljø, klima og kommunale næringsfond. For å sikre betre kopling mellom samfunnsdelen og langsiktig arealbruk bør kapittelet med føringar for arealdelen vere meir utfyllande. Høyringssvaret inkl. konkrete innspel til føringar for arealbruk knytt til akvakultur, kultur-miljø, naturmiljø, sentrumsutvikling/tettstaddanning, bustad og klima. Innspela bør innarbeidast i plandokumentet.
- 

## **SAK 58/18 Regional plan for klimaomstilling - endeleg vedtak**

### **VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 vert vedteken slik den ligg føre.

-----

## **SAK 59/18 Regional strategisk plan for kysten 2018-2029**

### **VEDTAK:**

#### **Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Kommunane sin del av dei ubrukte midlane til planarbeidet står på konto i fylkeskommunen til kystrådet er etablert. Midlane vert då overført rådet.

-----

## **SAK 60/18 Regional planstrategi - konsekvensar som følgje av oppstart av førebuande arbeid om regional planstrategi for Vestland fylkeskommune**

### **VEDTAK:**

1. Arbeidet med revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter vert starta opp hausten 2018. Oppstart av arbeidet med ein ev. Regional plan for arealbruk vert utsett til nytt fylkesting er konstituert.
2. Arbeidet med revisjon av ein ev. Regional plan for folkehelse vert utsett til nytt fylkesting er konstituert.

-----

## **SAK 61/18 Søknad om fylkeskommunal støtte til idrettsanlegg**

### **Frå hovudutval for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak: Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Det vert ikkje løyvd fylkeskommunale tilskot til realiseringa av fotballhall i Florø, skyteanlegg i Fjaler, Arena Stryn, turnhall i Vågsøy og klatrevegg i Sogndal.

Hovudutval for næring og kultur ber fylkestinget auke ramma til «støtte til idrettsanlegg». Dersom fylkestinget set av ein post til dette føremålet må nærings- og kulturavdelinga leggje fram ei sak med prioriteringsrekkefølge på slike anlegg.

### **Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Det blir løyvd 10 mill/kr til oppstart av Storhall Vest i Flora.
2. Det vert løyvd 0.5 mill/kr til klatreveggane i Sogndal
3. Midlane blir henta frå bufferfondet.

**Arbeidarpartiet, Høgre og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

FU ønskjer å bidra til finansiering av Arena Stryn og Fjaler skytebane, og vil arbeide dette fram til justeringane i økonomiplanen

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkesutvalet syner til HNK si handsaming der hovudutvalet ber om at det vert oppretta ein post i budsjettet til næring og kultur til «tilskot til større idrettsanlegg».

Fylkesutvalet er samd i at dersom fylkeskommunen skal gi slik støtte utover spelemiddelordninga, så må det etablerast ei ordning for å sikre likehandsaming av kommunar og/eller andre aktørar.

Fylkesutvalet ber administrasjonen vurdere ei slik ordning i arbeidet med budsjettet for 2019.

**Avrøysting:**

Hilmar Høl, Helen Hjertaas, Bjørn Erik Hollevik og Marita Gunn Aarvik røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet. Framlegget vart såleis forkasta.

Hilmar Høl, Helen Hjertaas, Bjørn Erik Hollevik og Marita Gunn Aarvik røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet, Høgre og Framstegspartiet. Framlegget vart såleis forkasta.

Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes, Aleksander Øren Heen, Karen Marie Hjelmeseter og Jakob André Sandal røysta for framlegget frå Senterpartiet, som dermed vart vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesutvalet syner til HNK si handsaming der hovudutvalet ber om at det vert oppretta ein post i budsjettet til næring og kultur til «tilskot til større idrettsanlegg».

Fylkesutvalet er samd i at dersom fylkeskommunen skal gi slik støtte utover spelemiddelordninga, så må det etablerast ei ordning for å sikre likehandsaming av kommunar og/eller andre aktørar.

Fylkesutvalet ber administrasjonen vurdere ei slik ordning i arbeidet med budsjettet for 2019.

*Protokolltilførsel frå Bjørn Erik Hollevik:*

Fylkestinget har i desember 2017 bede om at saka om idrettsanlegg skulle til fylkestinget i vår. FU har ikkje mynde å vedta saker i strid med Fylkestinget sitt vedtak slik utfallet av saka vart i dag

-----

**SAK 62/18      Tertialrapport 1/2018**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2018**

- 1      Budsjettert fylkesskatt vert redusert med 0,800 mill. kr.
- 2      Rammetilskotet vert auka med 0,800 mill. kr.
- 3      Lokale inntekter vert auka med 11,000 mill. kr.
- 4      Regionale utviklingsmidlar vert redusert med 0,180 mill. kr.
- 5      Driftsmidlar overført til investering vert auka med 2,112 mill. kr.
- 6      Bruk av disposisjonsfond vert auka med 27,500 mill. kr.
- 7      Samla vert driftsbudsjettet saldert ved bruk av bufferfond med 1,650 mill. kr.
- 8      Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 8,680 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle vert auka med 5,680 mill. kr.  
Teneste 4801 Juridisk honorar vert auka med 1,000 mill. kr.  
Teneste 7154 Klima vert auka med 2,000 mill. kr.*

- 9 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 0,862 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr.  
Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr.  
Teneste 5153 Elev, lærling- og mobbeombod vert auka med 0,250 mill. kr.  
Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 1,500 mill. kr.  
Teneste 5202 Gjesteelevar vert redusert med 0,700 mill. kr.  
Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 2,600 mill. kr.  
Teneste 5540 Fagskulen vert redusert med 1,112 mill. kr.  
Teneste 5620 Tilpassa opplæring vert redusert med 1,100 mill. kr.  
Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 9,200 mill. kr.  
Teneste 5702 Fagprøvar vert auka med 1,700 mill. kr.*

- 10 Sektorbudsjettet til næring og kultur, teneste 7019 Andre næringsområde, vert redusert med 0,180 mill. kr

- 11 Sektorbudsjettet til samferdsle vert auka med 30,220 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 7222 Fylkesveggar – drift og vedlikehald vert auka med 34,820 mill. kr.  
Teneste 7223 Fylkesveggar – uføresette hendingar vert redusert med 14,300 mill. kr.  
Teneste 7300 Buss – kjøp av tenester vert auka med 7,200 mill. kr.  
Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert redusert med 4,100 mill. kr.  
Teneste 7322 Båt – ekspress- og lokaruter vert auka med 5,000 mill. kr.  
Teneste 7323 Båt – Diverse vert auka med 1,600 mill. kr.*

## **B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2018**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesveggar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.

## **C. Andre områder**

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.

## **Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkesutvalet ser positivt på prosjektet til SITEP AS i Årdal og deira søknad og varsla søknad om støtte. Fylkesutvalet ber om at desse søknadane vert handsama og lagt fram for handsaming til møte i fylkestinget i juni i sak om tertialrapport.

## **Avrøysting:**

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.  
Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

## **Dette gir følgjande VEDTAK:**

## **Fylkesutvalet gjer slikt vedtak:**

Fylkesutvalet ser positivt på prosjektet til SITEP AS i Årdal og deira søknad og varsla søknad om støtte. Fylkesutvalet ber om at desse søknadane vert handsama og lagt fram for handsaming til møte i fylkestinget i juni i sak om tertialrapport.

### **Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

#### **A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2018**

- 1 Budsjettet fylkesskatt vert redusert med 0,800 mill. kr.
- 2 Rammetilskotet vert auka med 0,800 mill. kr.
- 3 Lokale inntekter vert auka med 11,000 mill. kr.
- 4 Regionale utviklingsmidlar vert redusert med 0,180 mill. kr.
- 5 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 2,112 mill. kr.
- 6 Bruk av disposisjonsfond vert auka med 27,500 mill. kr.
- 7 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved bruk av bufferfond med 1,650 mill. kr.
- 8 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 8,680 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle vert auka med 5,680 mill. kr.*  
*Teneste 4801 Juridisk honorar vert auka med 1,000 mill. kr.*  
*Teneste 7154 Klima vert auka med 2,000 mill. kr.*
- 9 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 0,862 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr.*  
*Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr.*  
*Teneste 5153 Elev, lærling- og mobbeombod vert auka med 0,250 mill. kr.*  
*Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 1,500 mill. kr.*  
*Teneste 5202 Gjesteelevar vert redusert med 0,700 mill. kr.*  
*Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 2,600 mill. kr.*  
*Teneste 5540 Fagskulen vert redusert med 1,112 mill. kr.*  
*Teneste 5620 Tilpassa opplæring vert redusert med 1,100 mill. kr.*  
*Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 9,200 mill. kr.*  
*Teneste 5702 Fagprøvar vert auka med 1,700 mill. kr.*
- 10 Sektorbudsjettet til næring og kultur, teneste 7019 Andre næringsområde, vert redusert med 0,180 mill. kr
- 11 Sektorbudsjettet til samferdsle vert auka med 30,220 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert auka med 34,820 mill. kr.*  
*Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar vert redusert med 14,300 mill. kr.*  
*Teneste 7300 Buss – kjøp av tenester vert auka med 7,200 mill. kr.*  
*Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert redusert med 4,100 mill. kr.*  
*Teneste 7322 Båt – ekspress- og lokalruter vert auka med 5,000 mill. kr.*  
*Teneste 7323 Båt – Diverse vert auka med 1,600 mill. kr.*

#### **B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2018**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.

#### **C. Andre områder**

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.

**SAK 63/18 Økonomiplan 2019-2022**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin økonomiplan 2019-2022 vert vedteken slik det går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling.
2. Dette gjev følgjande rammor for fellesinntekter og -utgifter:

	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Skatt på inntekt og formue	-637,200	-634,200	-631,200	-628,200
Statleg rammetilskot	-1673,338	-1599,263	-1601,385	-1621,585
Regionale utviklingmidlar (KMD-midlar)	-53,920	-53,920	-53,920	-53,920
Driftsmidlar til investering	2,000	2,000	2,000	2,000
Fylkeskommunal næringsverksemd	-50,000	-50,000	-50,000	-50,000
Kapitalinntekter/-utgifter - netto	120,931	135,334	157,314	188,814
Bruk/avsetting til fond	-17,924	-29,344	-52,857	-66,502
Ufordelte fellespostar - pensjon	-12,000	-12,000	-12,000	-12,000
<b>Fellesinntekter og -utgifter - netto</b>	<b>-2321,451</b>	<b>-2241,393</b>	<b>-2242,048</b>	<b>-2241,393</b>

3. Dette gjev følgjande sektorrammer:

	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Politisk styring, plan og forvaltning	184,612	174,743	175,398	174,743
Opplæring	857,479	853,896	853,896	853,896
Tannhelsetenesta	81,635	81,635	81,635	81,635
Næring og kultur	143,491	143,491	143,491	143,491
Samferdsle	1054,234	987,628	987,628	987,628
<b>Sum sektorrammer</b>	<b>2321,451</b>	<b>2241,393</b>	<b>2242,048</b>	<b>2241,393</b>

Desse rammene vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

4. Økonomiplanen 2019-2022 har form av å vere eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2018/økonomiplan 2018-21. Det inneber at berre endringar i høve nemnde budsjett/økonomiplan er kommenterte.
5. Samla investeringsrammer for økonomiplan 2019-2022 er førebels fastsett slik:  
 2019: 1155,3 mill. kr,  
 2020: 1504,2 mill. kr,  
 2021: 1837,2 mill. kr,  
 2022: 1157,0 mill. kr.

-----

## **SAK 64/18      Skriv og meldingar fylkesutvalet 31. mai 2018**

### **Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

- 1:      Opplæringskontoret offentlig sektor - Orientering om framlegg til ny organisasjonsform
- 2a:     Ferjeavløysing for Atløysambandet - oppdatering av økonomiske konsekvensar
- 2b:     Overslag på ferjeavløysingmidlar for Atløysambandet
- 2c:     Vedlegg: Dokumentasjon av utrekning av ferjeavløysningsmidlar
- 2d:     Bestilling av nye MOTIV-tall
  
- 3a:     Vedtektsendringar i BT Signaal AS
- 3b:     Notat angående vedtektsendringar i BT Signaal AS
- 3c:     Notat angående namneendring i BT Signaal AS
- 3d:     Forslag til nye vedtekter i BT Signaal AS
  
- 4:      Status og framdrift Sognebåten  
**Vedtak:**  
Fylkesutvalet vedtok, mot røystene til Bjørn Erik Hollevik og Marita Gunn Aarvik, at fylkesrådmannen ikkje skal førebu ei eiga sak til fylkestinget i juni.
  
- 5:      Forskrift om gjennomføring av valg til fylkesting
  
- 6a:     Stamvegutvalet - referat årsmøte 4. mai 2018
- 6b:     Stamvegutvalet - årsmelding 2017
  
- 7:      Økonomisk støtte til auka politisk verksemd  
Sjå punkt 2 i fellesnemnda sitt vedtak. Protokollen vert godkjend i møte 22. juni.
  
- 8:      Skriv frå Buskerud fylkeskommune om status for arbeidet med å flytte vassforvaltninga frå fylkeskommunane til staten
  
- 9:      Vestlandsrådet: Endring av vassforskrifta - eit klart brot med intensjonen i regionreforma
  
- 10:     Nedbygging av statlege arbeidsplassar i nye Stad kommune Ønskje om snarleg møte
  
- 11:     Opprop frå Det Norske Travselskap
  
- 12a:    Ekspertutvalet, oppsummering av høyringsuttalane
- 12b:    Ekspertutvalet; De sju kommunene i KS storbynettverk gir følgende uttalelse
  
- 13a-d:  Gjøa-avtalen, jf. FU-sak 139/16 - Løypemelding nr. 8  
*Ikkje offentlig, Ofl. § 23, første ledd*
  
- 14:     Nedbygging av mottakskapasitet - region vest
  
- 15a:    Frå Olje- og energidepartementet: Breim Kraft AS – Breim kraftverk i Gloppen kommune  
–  
vedtak.
- 15b:    Frå Olje- og energidepartementet: SFE Produksjon AS og SFE Nett AS – Avslag på søknad

om bygging av Gjengedal kraftverk.

**Vedtak:**

Fylkesutvalet vedtok, mot Jakob André Sandal si røyst, ei fråsegn som skal sendast til statsministaren.

-----

**SAK 65/18      Søknad om fritak frå politiske verv - Tore Storehaug -  
suppleringsval**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Tore Storehaug får fritak frå verva som medlem i distriktsprogramrådet og som 1. varamedlem til hovudutvalet for opplæring for resten av valperioden.
2. Som ny medlem i distriktsprogramrådet etter Tore Storehaug, vel fylkesutvalet .....

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Tore Storehaug får fritak frå vervet som 1. varamedlem til fylkestinget for resten av valperioden.

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg:

Saka vert utsett til møtet i fylkesutvalet 11. juni.

**Avrøysting:**

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Saka vert utsett til møtet i fylkesutvalet 11. juni.

-----

**SAK 66/18      Innføring av EU sin mobilitetspakke trugar seriøs norsk  
transportnæring**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

*Fråsegn:*

Kabotasje er transport mellom stader i eit anna land enn der transportøren høyrer heime. Etter Yrkestransportloven er kabotasje i utgangspunktet forbudt i Norge. Men i praksis foregår det i stort omfang, både i lovleg og ulovleg form. Ein utenlandsk transportør kan bare frakte gods eller personar mellom to stader i Noreg dersom det er spesielle grunner for det. Men transportørar fra EØS-området har likevel adgang til å utføre midlertidig kabotasje i Norge.

Med dei reglane vi har i dag gir dette EØS-transportørar lov til å køyre inntil tre innenlandske oppdrag i løpet av sju dager. Frå 2015 har det også vært fullt lovleg å køyre inn i Noreg med ein

tom pall for å ta kabotasjeoppdrag, viss dette skjer når ein har lossa gods i eit anna EU-land (f.eks. Sverige) og i løpet av dei sju dagane kabotasjekjøring i dette landet er tillatt. I praksis vil utanlandske vogntog kunne køyre ei uavgrensa mengde oppdrag i ei veke, ta helgekvilen på Svinesund for så å køyre tilbake over grensa for ei ny køyreveke.

Både Norsk Transportarbeiderforbund og Norges Lastebileierforbund har gjentatte gonger påvist korleis kabotasjereglane fører til sosial dumping, utbredt kriminalitet og ei alvorlig reduksjon av tryggleiken lags vegane våre. Kabotasjekøyringa i EU/EØS er blitt synonymt med sosial dumping, kriminalitet og trafikkulukker.

Sjølv om transporten har allmenngjort ei "minstelønn", vil dei norske arbeidstakerane likevel tape i den konkurransen sidan dette beløpet er betydeleg lågare enn det som er vanleg gjennom dei lokale forhandlingane i bedriftene. Samstundes er det ingen tvil om at det òg er mange brot på denne minstelønna. I ein omfattande kontroll som Arbeidstilsynet gjennomførte 2016 og 2017 viste det seg at sju av ti sjåførar frå utanlandske transportselskap hadde ulovlege lønsvilkår.

I vinter blei ein litauisk sjåfør vinka til sides i Sogn og Fjordane. Sjåføren blei kjempeglad for å bli "tatt" i kontrollen, og kunne umiddelbart vise kontrollørane avvik på alt frå bremsar, køyretid, dekk og kjettingar. For han var kanskje dette den einaste sjansen han hadde for å få sjefen sin til å rette opp i nokre av manglane. For traileren var ikkje trygg å køyre. Traileren var heller ikkje trygg å møte.

Dersom EU sin mobilitetspakke (også kalla vegpakke) blir vedteken, så kan det forverre situasjonen. Dei nye EU-reglane legg opp til uavgrensa tal kabotasjeoppdrag innafor fem dagar. I praksis vil utanlandske vogntog kunne køyre ei uavgrensa mengde oppdrag i ei veke, ta helgekvilen på Svinesund for så å køyre tilbake over grensa for ei ny køyreveke.

Med dei utfordringane som er omtala over ser fylkestinget det som uaktuelt at det blir innført eit regelverk som skapar eit frislepp for utenlandsk transportnæring i Noreg.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane oppmodar Stortinget om å reservere seg mot det nye kabotasjeregelverket som ligg i mobilitetspakka til EU

-----